



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:       | Vår saksbehandlar:       | Vår dato:  |
|-------------|--------------|----------------|--------------------------|------------|
| 202016458-2 | 24.02.2021   | 58354/2021/M13 | Johnny Loen, 71 28 02 43 | 28.04.2021 |

## Sunndal kommune - vassressurslova - konsesjon for uttak av grunnvatn til drikkevasskjelde - fråsegn ved høyring av søknad

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske demokratiet. Fylkestinget er øverste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### INNLEIING

Saka gjeld ein søknad etter vassressurslova § 8, for uttak av grunnvatn på breidda av elva Driva i Sunndalsøra sentrum. Området er ikkje regulert, men har status som friområde i kommunedelplan for Sunndalsøra sentrum. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

### MERKNADER TIL SØKNADEN

#### Planfagleg vurdering

Søknaden er generelt systematisk oppsett og godt grunngitt. Vi har likevel nokre merknader, både av redaksjonell karakter, og om innhaldet. Først, men ikkje avgjerande, merkar vi oss at avsnitt 2.9 i søknaden konkluderer om verknader i forkant av verknadskapitlet. Dette avsnittet kunne med fordel knyttast til hovudkapittel 3 og nemnast som "samandrag av verknader eller liknande". Både samandraget og verknadskapitlet bør tilføyast element jamfør det som kjem fram nedanfor.

Vi oppfattar saka slik at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing og melding i medhald av KU-forskrifta § 6. Verken NVE eller søkar gjer greie for tilhøvet til KU-forskrifta.

Søknaden har ikkje noko eige kapittel/avsnitt som gjer godt greie for dagens bruk. Dels kjem det fram opplysingar undervegs i hovudkapittel 1, men kanskje kunne oppsettet vore ordna noko annleis her. Sjå særskilt merknader om barn og unge nedanfor.

Derimot opplyser Sunndal kommune (som er konsesjonssøkar) i avsnitt 1.5.1 at området er friområde i kommuneplanens arealdel, ikkje er regulert. Ut frå kommunens planregister på nett, finn vi at dette er feil. I tillegg til kommuneplanstatusen, er området i tillegg regulert som friområde, i reguleringsplan for Villabyøran 1983. I føresegnene til denne planen er det også krav til at friområdet skal opparbeidast samstundes med utbygginga av tilliggande bustadfelt (same reguleringsplan). Dette må også kome fram i konsesjonssøknaden og vurderinga av denne. Sjå elles merknader om barn og unge og friluftsliv nedanfor.

Kommunen opplyser at dei i kjølvatnet av konsesjonsprosessen vil "starte ein planprosess for omregulering drikkevassuttak". I den grad det er behov for omregulering, vil dette vere eit pro forma vedtak i kjølvatnet av konsesjonsprosessen, sidan konsesjonsprosessen i prinsippet skal krevje same medverknad og avgjerdsgrunnlag som reguleringsplanen ("ei sak – ein prosess"). Det er likevel to ulike prosedyreset, og ulike mynde som tek avgjerdene. Det vil derfor vere ulik vekting av ulemper og fordelar. Fra vår side vurderer vi tema i konsesjonssøknaden som om det var reguleringsplan.

### **Barn og unge / friluftsliv**

Allereie i 1983 ble Storøra regulert som friområde tileigna nærliggande bustadområde, men også ope for øvrige publikum i tettstaden Sunndalsøra. I buområda har slike areal særskilt verknad for barn og unge, jamfør også Rikspolitiske retningslinjer (RPR) om barn og unge i planlegginga. Både omtalen av dagens situasjon og verknader av tiltaket er kortfatta og går lite i substansen både på omfanget av bruk og innhaldet i bruken av området. Det er dessutan ikkje opplyst i kva grad området er tilrettelagt etter intensjonane i reguleringa frå 1983, utover at ein viser til "et nett av turstier" (kap 3.6.1). Det er heller ikkje dokumentert at barn og unge, eller nokon som representerer desse, er gitt høve til å spele inn i prosessen. I ein slik sak kan dette vere å sjå som saksbehandlingsfeil, jamfør RPR.

Til sist er det i 3.6.1 konkludert med at installasjonar i minst mogleg grad skal avgrense friluftslivet. Det er sjølvstøtt positivt isolert sett, men det er heilt uklart kva det faktisk betyr.

Innan ein eventuelt gir konsesjon for anlegget, bør det gjerast betre greie for dagens bruk og tilrettelegging for friluftsliv og barn og unge i området. Det kan til dømes utbreidast eit detaljkart som viser turstiar og annan opparbeiding, og det kan gjerast estimat om kor mange som nyttar området, kva type bruk dette gjeld, og i kva grad brukarane er barn og unge i bustadfeltet. Ut frå dette bør også avbøtande tiltak kartfestast og omtalast meir presist. Generelt er det også eit krav i RPR om at areal som er i bruk til lek (for barn og unge) skal erstattast fullverdig dersom dei vert omdisponert til andre føremål. Det bør vurderast i kva grad dette er nødvendig eller mogleg, herunder også tilvising til andre, tilrettelagde tilbod i nærområdet.

### **Vassforvaltning**

Forholdet til vassressursen er godt gjort greie for og vi har ikkje vesentlege merknader.

### **Konklusjon**

Vi viser til merknader ovanfor og ber om at dei vert tekne omsyn til i den vidare prosessen. Det kan vere aktuelt å påklage vedtak om konsesjon dersom verknadene for barn og unge er vesentlege og negative.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Kopi:  
Sunndal kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen  
Mattilsynet